

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo



Møre og Romsdal fylke
FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		MR 25660/2007/A20/A10/&13	Eivind Hasle, 71 25 87 86	28.11.2007

Uttale frå Møre og Romsdal fylke vedk. "Formål for framtida" (NOU 2007:6)

Viser til brev av 16.10.07 der det vart sendt eit førebels høyringssvar frå Møre og Romsdal fylke.

Fylkesutvalet behandla saka i møtet 26.11.2007 og følgjande vart ført i møteboka:

Svein Atle Roseth, KrF, fremma på vegner av seg sjølv, Oskar Grimstad, Frp, Veslemøy Hungnes, H, og Asbjørn Rutgerson, Sl/Tvp, følgjande forslag:

"Fylkesutvalet i Møre og Romsdal finn det positivt at framlegga til nye formålsparagrafar for barnehagen og opplæringa er så vidt konkrete i høve til viktig verditenking kring barnehagen og skolen si rolle som arena for læring og oppseding.

I høve til ny paragraf 1 i opplæringsloven må formuleringa om skolen sitt samarbeid med heimen få ein meir forpliktande ordlyd. Det er viktig at foreldra sitt overordna ansvar for oppseding og opplæring av barna blir understreka på ein tydeleg måte. Ein viser her til FN si fråsegn om menneskerettar, artikkel 26 pkt 3:

"Foreldre har forttrinnsrett til å bestemme kva slags undervisning barnet deira skal få."

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal vil vidare påpeike det uheldige i at formålsparagrafane si forankring i kristne og humanistiske verdiar blir svekka i dei utsendte framlegga til lovtekst. Dette skjer mellom anna ved at ein viser til kristen og humanistisk tradisjon, i staden for å referere til kristendom og humanisme som historisk berande idè-grunnlag for demokrati og rettstryggleik i Noreg."

Votering:

Ved alternativ votering mellom tilrådinga og Roseth sitt forslag, vart Roseth sitt forslag vedteke med 7 mot 6 røyster.

Vedtak i Fylkesutvalet - 26.11.2007

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal finn det positivt at framlegga til nye formålsparagrafar for barnehagen og opplæringa er så vidt konkrete i høve til viktig verditenking kring barnehagen og skolen si rolle som arena for læring og oppseding.

I høve til ny paragraf 1 i opplæringslova må formuleringa om skolen sitt samarbeid med heimen få ein meir forpliktande ordlyd. Det er viktig at foreldra sitt overordna ansvar for oppseding og opplæring av barna blir understreka på ein tydeleg måte. Ein viser her til

FN si fråsegn om menneskerettar, artikkel 26 pkt 3:

“Foreldre har forttrinnsrett til å bestemme kva slags undervisning barnet deira skal få.”

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal vil vidare påpeike det uheldige i at formålsparagrafane si forankring i kristne og humanistiske verdiar blir svekka i dei utsendte framlegga til lovtekst. Dette skjer mellom anna ved at ein viser til kristen og humanistisk tradisjon, i staden for å referere til kristendom og humanisme som historisk berande idé-grunnlag for demokrati og rettstryggleik i Noreg.

Med helsing

Olav Bratland
fylkesordførar